



RETRIEVER
ATEKST.no

Utvalgte dokumenter

KLASSEKAMPEN Venstresidas dagsavis

Aktuelt om Midtausten

Klassekampen Morgen 19.07.2003

GURI KULÅS GURI.KULAAS@KLASSEKAMPEN.NO

Vi merker stor interesse for sakleg informasjon om Midtausten, fortel arabist Jacob **Høigilt**. Saman med andre unge akademikarar på

Blindern har han starta tidsskriftet «Babylon». Guri Kulås guri.kulaas@klassekampen.no

Studentane strøymer til dei såkalla orientalske studia på universiteta i Bergen og Oslo, nok eit døme på at intressen for Midtausten og for arabisk kultur, politikk og språk har auka enormt dei siste åra. Det er ein av grunnane til at studentar frå arabisk, religionshistorie, antropologi, statsvitskap og fleire andre fag gjekk saman om å starta tidsskriftet «Babylon Et magasin om Midtøsten». Dei har alt mottatt mange godord frå etablerte akademikarar i heile Norden, og eit jamt sal i Narvesen tyder på at mange utanom academia også er interesserte i tematikken.

Første nummer av det nye tidsskriftet vart produsert medan krigen i Irak enno var på sitt heitaste og det går rett inn i eit av dei store debatttema i og utanfor regionen, aktualisert av krigen og av freistnadene på å etablere eit nytt regime i Irak: «Hvorfor ikke demokrati i Midtøsten?»

Høigilt presiserer overfor Klassekampen at Babylon er eit politisk og livssynsua hengig tidsskrift, men vedgår at sidan alle spørsmål ved Midtausten er så politiserte som dei er, der det vanskeleg å ikkje koma inn på kontorversielle tema.

Tidsskriftet er laga av og meint for studentar på høgare nivå, stipendiatar og etablerte forskarar med interesse for Midtausten. I tillegg til at vi ønsker at stoffet skal vera tilgjengeleg for eit interessert allmennpublikum, legg vi vekt på at det skal vera fagleg solid, med grundige kjeldetilvisingar. Om artiklane fyller slike krav, må dei gjerne vera politiske, men reine propagandaartiklar vil ein aldri finna i Babylon, slår **Høigilt** fast.

Meir enn islam Sjølv innleier **Høigilt** det fyrste nummeret med ein artikkel om den nye FN-rapporten «Arab Human Development Report», ein rapport som legg stor vekt på informasjon, fridom, og særleg kvinnefrigjering, som nøkkel til utvikling i dei arabiske landa. I 1995 var heile 43 prosent av arabarane analfabetar, dei fleste av dei kvinner. Både demokrati, økonomi, kultur og forskning lid under den manglande utnyttinga av dei elles store og unge menneskelege ressursane regionen. Rapporten peiker på den israelske okkupasjonen av palestinsk jord som eit overordna hinder for endring. Både eit direkte flyktningsproblem og indre ustabilitet i andre arabiske land som følgje av den israelske okkupasjonspolitikken, er med å kanalisera ressursane inn i militær opprusting. Konflikten stoppar politisk liberalisering i heile regionen og held forelda byråkratiske og korrupte regime ved makta. Noko som igjen gjev eit passivt organisasjonsliv og eit svakt sivilt samfunn.

Til liks med FN-rapporten vil vi i Babylon-redaksjonen bort frå dei forenklande forklaringane mange tyr til for å grunngje kvifor Midtausten ligg tilbake i utvikling og demokratiske rettar, som det å berre referera til islam som ei universalårsak. Greier vi å nå fram med utfyllande forklaringsmodellar innanfor til dømes økonomi og politisk teori, har vi nådd eit av måla med bladet, fortel **Høigilt**, som også legg vekt på at dei vil ha opne spalter for kulturelle tema og stoff om arabisk litteratur.

Gøymt mangfald Jacob **Høigilt** har sjølv budd til saman eit år i Kairo og Libanon, i tillegg har han reist

mykje i Midtausten, og det som var mest slåande for han som «fyrstereisgut» var kor ulike dei arabiske landa er.

Vi tenkjer ofte på denne regionen som mykje meir kulturelt einskapleg enn han er, «araberlanda», «den muslimske verda». Om Babylon kan vera med å visa noko av mangfaldet, er det bra.

Babylon vil basera seg å laga temanummer, dels valt ut frå kva redaksjonen trur vil vera av interesse for eit norsk publikum, og dels ut frå kva dei meiner er fagleg interessant å skriva om. Neste utgåve, som kjem til hausten, skulle vera like aktuelt, då det handlar om islamsk lov.

©Klassekampen

Lukk

Skriv ut